


114563

24.3.71

Onsdag morgen **Aftenposten**



«Håpløst....»

Hr. redaktør.

Det sitatet Sverre Hartmann offentliggjør i Aftenposten 22. mars er korrekt i denne siste versjonen. Av dette fylgjer at hans sitat 24. februar var ukorrekt. Der har nemleg den siterte passusen fått ei anna form, som ikkje stemmer med originalen. — Dersom Hartmann hadde lagt merke til dette, i alle fall nå, ved andre gongs kontroll, kunne han spart seg ei rekke uvanleg sterke ord. Men det er nå like vel berre eit spørsmål om korrekt avskrift. Det faglege poenget er mykje alvorlegare, nemleg at Hartmann med sitt sitat i det heile ikkje lar leseren få kjennskap til kva innstillinga konkluderer med. Difor skal eg på ny sitera dette:

«PÅ Regjeringens vegne tillater jeg meg derfor å innstille til Deres Majestet at Kongen, Kronprinsen og Regjeringen flytter til et alliert land, og bekjentgjør det for almenheten ved en proklamasjon som senere vil bli fremlagt.»

I den proklamasjonen som det her blir vist til, heiter det mellom anna (alle kursiveringar ved M.S.):

«Under disse vilkår er det umulig å holde kampen oppে *her i landet* mot en overmakt som den tyske. Forsvarets Overkommando har derfor rådd Kongen og Regjeringen til *foreløpig å oppgi kampen innenlands*. Og Kongen og Regjeringen har funnet det som sin plikt å følge dette råd.... Men de oppgir ikke dermed kampen for å gjenvinne Norges selvstendighet. Tvert imot — *de vil holde fram med den utenfor landets grenser ...*».

Nå kan leseren sjølv samlikna dette med den framstilling Hartmann gav i Aftenposten 24/2, i sitt første punkt, som eg sitter fullstendig og uavkorta: «I siste statsråd på norsk jord i 1940, den 7. juni, ble det i det statsrettslig og politisk avgjørende dokument, i statsrådsprotokollen, fastslått at «det er håpløst for Norge å fortsette krigen.»

Med eit maksimum av understatement tillet eg meg å karakterisera dette som ei ufullstendig og utilfredsstillande framstilling

av den norske regjerings politikk i 1940.

Hartmann varsler eit meir utførlig svar. Etter den tone han har valt å halde sitt siste innlegg i, er ordskiftet slutt frå mi side. Ein stad må grensa gå.

Oslo, 23. mars.

Magne Skodvin